



Innstilling frå protokollkomiteen

Protokollkomiteen har hatt to møte sidan Kyrkjemøtet 2008.

Medlemmene i protokollkomiteen har gått gjennom vedtaksprotokollen frå Kyrkjemøtet 2008 før han vart sendt ut.

Protokollkomiteen har før Kyrkjemøtet 2009 kontrollert oppfølginga av vedtaka frå Kyrkjemøtet 2008. Komiteen har teke utgangspunkt i protokollane frå Kyrkjerådet, Mellomkyrkjeleg råd og Samisk kyrkjeråd og opplysningar frå sekretariatet.


Protokollkomiteen har merka seg at røystetalene ved ein skilde vedtak i Kyrkjemøtet 2008 ikkje vart talt opp ved voteringa, og at protokollen difor ikkje oppgir røystetal ved endringsforslag. Dette gjeld til dømes sakene KM 4/08, 8/08 og 12/08. Protokollkomiteen vil oppmode dirigentskapet om å oppgi røystetal ved votering.

Protokollkomiteen vil gjere merksam på at arbeidsutvalet i Kyrkjerådet i sak KR/AU 05/08 har gjort mindre endringar i eit av vedtakspunkta i KM 11/08 *Særskilte regler for kirkelige valg*. Endringa gjaldt ei justering av tiltredelsestidspunkt for sokneråd og kyrkjelege fellesråd. Vedtaket vart sendt medlemmene i Kyrkjerådet for stadfesting før effektivering. Vedtaket vart fatta med heimel i KM 11/08, vedtakspunkt 3: ... *Kirkerådet gis fullmakt til å gjøre de endringer som eventuelt måtte bli nødvendige*.


Ut frå § 5.2 i regelverket for protokollkomiteen kan komiteen på eige initiativ ta opp saker dersom det er tvil om vedtaket og saksbehandlinga er skjedd på ein tilfredsstillande måte. Protokollkomiteen meiner at saksbehandlinga og vedtaka er fulgt opp på ein god måte.

På dette grunnlaget finn Protokollkomiteen at dei tre råda har fulgt opp vedtaka frå Kyrkjemøtet på ein tilfredsstillande måte.

Sekretariatet har gjennom arbeidsrutinane sine gitt Protokollkomiteen gode arbeidsvilkår.


Per Øistein Rogstad


Randi Karlstrøm


Marit Tingelstad